

# Kor stor del av dei langtidssjukmeldte fell ut av arbeidsmarknaden?

AV: LINDA HAUGE OG OLA THUNE

## SAMANDRAG

«50 prosent av personar som er sjukmeldt i meir enn åtte veker, er ute av arbeidsmarknaden to år seinare» har det ofte vorte hevda i diskusjonar om sjukefråvær og sjukefråværsoppfølging. Dette talet baserer seg på eit par utvalsundersøkingar gjort for rundt 15 år sidan. I denne artikkelen ynskjer vi å finne ut om dette resultatet gjeld generelt. Med utgangspunkt i alle påbegynte sjukepengetilfelle i 2003, har vi undersøkt prosentdelen som framleis er i arbeid på ulike tidpunkt frå 6 månader til 3 år etter avslutta sjukepengeperiode. For tilfelle som har vart i minst 8 veker finn vi at vel 68 prosent framleis er i arbeid etter 3 år. Det er ein noko større del blant kvinner enn menn som framleis er i arbeid. Prosentdelen er lågare i dei yngste og eldste aldersgruppene, men er rundt 65 prosent også i aldersgruppa 50–54 år. Det er i hovudsak meir alvorlege diagnosar som fører til at langtidssjukmeldte fell ut av arbeidsmarknaden. Prosentdelen som framleis er i jobb tre år seinare går ned med varigheita på sjukefråværet. For dei som har brukt opp sjukepengereetten er om lag 44 prosent i arbeid tre år etter. Omfanget av sjukefråvær dei siste fem åra før sjukefråværstilfellet vi analyserer ser ikkje ut til å påverke delen som framleis er i arbeid. Blant dei som ikkje lenger er i arbeid aukar delen som er på yrkesretta attføring og uførepensjon med tida. Delen som er på rehabiliteringspengar er høgst etter 6 månader og går gradvis ned.

## INNLEIING

I tilknytning til oppfølging av sjukmeldte og tidspunkt for iverksetjing av tiltak, har det vorte hevda at halvparten av dei som er sjukmeldt i åtte veker er ute av arbeidslivet to år seinare. Denne påstanden har med tida utvikla seg til å bli ei etablert sanning i mange miljø som er opptekne av sjukefråværsarbeid.

Studiar som dokumenterer dette av nyare dato er derimot vanskeleg å finne. Dahl (1985) fann blant eit utval som var sjukmeldte i meir enn tre månader at var det 61 prosent som ikkje hadde ei trygdeytning eit år seinare. I St.meld. nr. 39 (1991–92), *Attføringsmeldinga*, vert det referert til tal frå databasen over klientstraumar i trygdevesenet (KIRUT). Tala viser at blant personar som er sjukmeldt i meir enn åtte veker er 53 prosent i arbeid. Bjørndal (1994) studerte ein kohort i Moss kommune som hadde vore sjukmeldt i over åtte veker. Han fann at under halvparten av dei som hadde vore sjukmeldt i over åtte veker var i arbeid igjen dryge to år etter at dei blei sjukmeldt. Blant dei som gikk ut heile sjukepengeperioden, finn han at berre ein av 10 kjem tilbake i arbeid. Høg alder, mange tidlegare sjukmeldingar og visse sjukdomar reduserte sjansen for å komme tilbake til jobb. Han fann heller ingen særskilt effekt av oppfølging av langtidssjukmeldte. Han meiner at det som skjer med langtidssjukmeldte truleg er

prega av to dominerande forhold som ikkje kan målast direkte; kor alvorleg sjukdommen er og kor vanskeleg situasjonen på arbeidsmarknaden er.

Nordberg og Røed (2002) undersøker kva for tilstand langtidssjukmeldte er i etter 2 månader, 1 år, 2 år og 3 år etter avslutta sjukepengeperiode i 1995. Langtidssjukmeldte er definert som personar som har motteke sjukepengar i minimum 6 månader. Moglege tilstandar er yrkesretta attføring, anna attføring, arbeidsledig, nye sjukepengar, uførepensjon og ikkje gjenfunnen i registeret. Tilstandane er gjensidig utelukkande og føl ei rangering. Personar som ikkje er registrert i nokon av dei andre tilstandane, kjem i gruppa «ikkje i registeret». Personar i tilstanden «ikkje i registeret» kan anten være i arbeid eller ha gått ut av arbeidsstyrken. Dei antek at personar under 60 år i hovudsak er i arbeid. Etter tre år finn dei i underkant av 50 prosent i tilstanden «ikkje i registeret».

I denne artikkelen ynskjer vi å finne ut om dei omtala funna kan generaliserast eller om det var spesielt for desse studia.

Vi ynskjer å svare på fylgjande problemstillingar:

- Kor stor prosentdel av personar som er sjukmeldte i meir enn åtte veker er framleis i jobb etter 6 mnd, 1 år, 2 år og 3 år etter avslutta sjukepengeperiode?

- Kva kjenneteiknar desse sjukmeldte? Kva diagnosar har dei? Korleis ser dei ut med omsyn til alder og kjønn? Er det skilnad på kva type næring dei jobbar i?
- Er det stor skilnad på personar som er sjukmelde i åtte veker kontra dei som er sjukmelde litt kortare eller litt lengre? Er åtte veker eit kritisk punkt med omsyn til sannsynet for å miste tilknytninga til arbeidslivet?
- Kva status har dei som ikkje lenger er i jobb etter 6 månader, 1 år, 2 år og 3 år? Er dei på andre trygdeordningar?

## DATA OG METODE

Analyseobjekta er arbeidstakarar med påbegynte sjukepengar i 2003. Arbeidstakar vil her seie at dei er registrert i Arbeidstakar/ arbeidsgjevarregisteret (AA-registeret) med eit arbeidsforhold. Desse føl vi med omyn til om dei er i jobb og/eller mottok trygd etter 6 månader, 1 år, 2 år og 3 år etter avslutta sjukepengeperiode. For å bli inkludert i gruppa «i arbeid» må ein være gjenfunnen med eit aktivt arbeidsforhold i AA-registeret på oppfølgjingsstidspunktet.

Vi veit at for nokre arbeidsforhold kan det være manglande eller forseinka utmelding av AA-registeret. Utmelding skal til dømes skje når arbeidsforholdet opphører eller ved overgang til 100 prosent rehabiliteringspengar eller andre trygdeytningar. Vi har derfor også kontrollert opp mot NAV sitt inntektsregister for å avgjere om ein er i arbeid eller ikkje. I tillegg til at ein må være gjenfunnen med eit arbeidsforhold i AA-registeret, må ein ha tent pensjonspoeng i åra etter avslutta sjukepengar og hatt ei inntekt på minst kr 65 000 i året.

Individuelle kjenneteikn som kjønn, alder og sjukmeldingshistorikk har vi frå NAV sitt sjukepengeregister, medan

### Kva kjenneteiknar utvalet

Det er 357 726 personar med påbegynte sjukepengar i 2003. 61 prosent er kvinner. Av desse har 188 518 vore sjukmeldt i åtte veker eller meir. Gjennomsnittleg varigheit for alle er 117 dagar (mellom fire og fem månader). For dei som har vore sjukmeldt i meir enn 8 veker, er gjennomsnittleg varigheit på 196 dagar (sju månader). Gjennomsnittleg alder er 41 år for heile utvalet og 43 år for dei som har vore sjukmeldt i over 8 veker. Median alder er 42 år. Det var ca 12 600 som allereie hadde ein gradert uførepensjon når sjukepengeperioden tok til i 2003. 80 prosent av desse hadde 50 prosent uførepensjon eller lågare. Rundt 45 prosent har muskel/skjelettdiagnosar og rundt 20 prosent har psykiske lidningar.

informasjon om arbeidsforhold, som næring, sektor og stillingsbrøk, kjem frå AA-registeret.

Hovudgruppa vi vil analysere er dei som har vore sjukmeldte i 8 veker, men vi vil også samanlikne med grupper som har vore sjukmeldte i 6 veker, 12 veker og 26 veker.


## OVER 2/3 ER I JOBB TRE ÅR ETTER EIN SJUKMELDINGSPERIODE PÅ ÅTTE VEKER ELLER MEIR

I gjennomsnitt er 67,3 prosent av mennene blant dei som er sjukmeldte i 8 veker eller meir framleis i jobb tre år seinare. Blant kvinner er 69,7 prosent i jobb. Årsaka til at kvinner i litt større grad enn menn framleis er i arbeid er truleg todelt. For det fyrste er kvinner meir sjukmeldte enn menn slik at innslaget av mindre alvorlege sjukdommar er større - og dermed er det større moglegheiter for å halde på arbeidet. Kvinner arbeider også i mykje større grad deltid enn menn (19,7 prosent mot 4,3 prosent) målt tre år etter sjukefråværsperioden. Det er også større sjanse for at ein kan oppretthalde deltidsarbeid sjølv om ein har dårleg helse. For alle sjukmeldte, uavhengig av varigheita, er det rundt 75 prosent som framleis er i arbeid tre år etter sjukepengeperioden. Blant alle arbeidstakarar, også dei som ikkje er sjukmeldt i det heile tatt, er i alt 84 prosent framleis i arbeid tre år seinare.

Vi kan legge merke til at prosentdelen for kvinner som framleis er i arbeid aukar frå eitt til to år etter sjukefråværet, medan den er omlag uendra for menn. Dette heng saman med svangerskapspermisjonar. Dersom me ekskluderer


Figur1.

**Prosentdel i jobb etter 6 mnd, 1 år, 2 år og 3 år fordelt etter kjønn (2003)**



KJELDE: NAV

Figur 2.  
**Prosentdel i jobb 3 år etter at ein har vore sjuk-  
 meldt i åtte veker eller meir, fordelt etter kjønn  
 og alder ( 2003).**




derer diagnoser knytt til svangerskap og fødsler viser kurva same form som for menn.

Alder er naturleg nok ein viktig forklaringsvariabel med omsyn til å framleis være i arbeid etter ein sjukdomsperiode. Dei yngste og dei eldste aldersgruppene har ein lågare del i jobb tre år etter avslutta sjukepengeperiode. For dei yngste i alderen 16–19 år er rundt 50 prosent ute av arbeid tre år seinare. Den viktigaste forklaringa på dette er at unge i denne aldersgruppa i stor grad enno ikkje har etablert ei stabil tilknytning til arbeidslivet. Dei vekslar mellom arbeid og utdanning eller har deltidssjober på kortare og lengre periodar. Rundt ein tredjedel av dei som ikkje er i arbeid tre år seinare i aldersgruppa 16–24, har diagnoser knytt til svangerskap og fødsler på sjukmeldinga. Truleg er mange av desse anten heime med barn og mottok kontantstøtte eller overgangsstønad som einsleg forsørgjar, eller under utdanning. Ein tredje forklaring på den relativt låge delen som er i jobb etter tre år er alvorleg sjukdom. Det ser ut til at dersom ein er sjuk i åtte veker eller meir når ein er så ung, er det ofte snakk om relativt alvorlege sjukdomar. Aldersgruppa 16–24 år er ei relativt lita gruppe som ikkje utgjør meir enn vel 5 prosent av dei som er sjukmeldte over 8 veker.

For den eldste aldersgruppa, 60–64 år, har mange overgang til uførepensjon eller avtalefesta pensjon (AFP). Rundt 35 prosent blant dei som var sjukmelde i meir enn åtte veker i denne aldersgruppa, mottok uførepensjon tre år seinare.

Figur 3.  
**Prosentdel i jobb 3 år etter at ein har vore sjuk-  
 meldt i åtte veker eller meir, fordelt etter diagno-  
 segruppe ( 2003).**



### MANGE MED PSYKISKE LIDINGAR ER FRAMLEIS I JOBB ETTER TRE ÅR

Når vi ser på diagnosefordelinga på hovudgruppenivå, er det ikkje nokon diagnosegruppe som har ein særskilt høg eller låg del i arbeid tre år seinare. Dette har nok samanheng med at hovudgruppene er samansatte av både ufarlege og meir alvorlege sjukdommar innan kvar gruppe. Sjukdommar i luftvegane er noko overraskande den diagnosegruppa med lågast del som er i jobb etter tre år. Dersom me ser nærare på diagnosane, er det likevel ikkje så overraskande. Det er ofte alvorlege sjukdommar som til dømes vondarta svulst på lungene og KOLS som kjenne-teiknar dei som ikkje lenger er i jobb (dei som ikkje er i jobb kan også være døde). Også sjukmeldte med diagnoser i samanheng med hjerte-karsystemet er naturleg nok i mindre grad i jobb etter tre år. Dette er på den andre sida små diagnosegrupper.

Hovudtyngda av sjukefråværet skuldast lidningar i muskel- skjelettsystemet og psykiske lidningar. 67 prosent av dei med psykiske lidningar er i jobb etter tre år. Denne diagnosegruppa er svært differensiert med omsyn til å framleis være i jobb. Av psykiske lidningar der det er min-

## Diagnosar i sjukefråværs- og sjukepengeregisteret

Diagnosane på sjukmeldingsattestane er koda etter systemet ICPC-2 (International Classification of Primary Care). ICPC-systemet består av 17 ulike diagnosegrupper som igjen består av enkeltdiagnosar som beskriv symptom/plager eller sjukdomsdiagnosar. Legen skal primært kode sjukdomsdiagnosar dersom det ut frå klinisk vurdering er mogleg. Legen er pålagt å påføre diagnosar på alle sjukmeldingar.

dre enn 50 prosent som held jobben, er det snakk om lidningar som schizofreni, stoffmisbruk og kronisk alkoholisbruk.

## SJUKDOMSHISTORIKK

Omfanget av tidlegare sjukefråvære kan sjåast på som eit mål på helsetilstanden til den enkelte. Vi kan derfor rekne med at eit stort omfang sjukefråværstilfelle forut for det tilfellet vi studerer vil redusere prosentdelen ein gjenfinn i arbeid. Bjørndal (1994) fann i sin studie at eit høgt fråvær dei siste 13 månadene før analyseperioden reduserte sannsynet for å være i arbeid to år seinare.<sup>1</sup>

I vår analyse studerer vi talet på sjukefråværsdagar dei siste fem åra før startdatoen på sjukefråværet, og vi finn ikkje noko effekt av om ein tidlegare har vore mykje sjukmeldt.


## NÆRINGSFORDELING

Sjukefråværet varierer relativt mykje mellom næringsgrupper. Høgst sjukefråvær er det i helse- og sosiale tenester, som er dominert av kvinner med fysisk tungt arbeid. Det er også høgt fråvær i næringsgruppene «Transport og kommunikasjon» og «Hotell- og restaurantverksemd». Er det også i desse næringsgruppene størst del fell ut av arbeidsmarknaden gitt at dei har vore sjukmeldte i minst åtte veker?

Figur 4 viser at det er dei som er sjukmeldt i «Hotell og restaurantverksemd» som i minst grad er i jobb tre år etter sjukmeldinga. Dette er ei næring som mange unge arbeider i mellombels ved sidan av studiar og liknande. For å unngå å få med denne effekten, er personar under 30 år ekskludert.<sup>2</sup> Noko overraskande er det at ein såpass stor del av dei sjukmeldte i «Helse- og sosiale tenester» framleis er i jobb

Figur 4.

Prosentdel i jobb etter tre år fordelt på næring. Personar over 30 år i 2003.



KJELDE: NAV

etter tre år. I denne næringsgruppa er det kvinner som i størst grad er i jobb, 72,5 prosent mot 63,7 for menn. Menn utgjør ein relativt liten del i denne næringsgruppa.

Det er også overraskande at «Forretningsmessig tenesteyting» er blant dei næringane som har lågast del i jobb etter tre år. Dette er ei næringsgruppe som har lågt sjukefråvær samla sett. Årsaka til at over 30 prosent er ute av jobb kan derfor være at dei som er lenge sjukmeldte i denne næringsgruppa gjerne har meir alvorlege diagnosar.

For menn over 55 år er det lågast prosentdel som framleis er i arbeid i transport og kommunikasjon og i industri og bergverksdrift, medan finn vi den høgste delen i undervisning. For kvinner i alderen 55–59 år er det lågast del i arbeid etter tre år i industri og bergverk og i varehandel. For kvinner over 60 er det lågast del i undervisning. I dei yngre gruppene er det hotell- og restaurantverksemd som kjem dårlegast ut for begge kjønn.


## ER ÅTTE VEKER EIT KRITISK PUNKT?

Figur 5 viser prosentdelen i arbeid tre år seinare for sjukefråværstilfelle med ulike varigheiter. Delen går som forventat ned jo lenger sjukefråværsperioden varar. Blant dei som brukar opp sjukepengereetten er det knapt 44 prosent som framleis er i jobb tre år seinare. Dei fleste av desse er ute av arbeid allereie når sjukepengeperioden er over. Skilnaden i delen som framleis er i arbeid etter tre år er liten for personar som har vore sjukmeldt i åtte veker eller 12 veker.

<sup>1</sup> Målt i talet på sjukefråværsdagar. Lågt <10 dg, middels: 10-99 dg og høgt > 100 dg.

<sup>2</sup> Vi har også ekskludert personar under 40 år, men fordelinga blir den same. Prosentdelen i Jordbruk, skogbruk og fiske er endå mindre, men dette er ein næring med veldig få tilsette.

Figur 5.  
Prosentdel i jobb tre år etter sjukmeldinga fordelt på ulike varigheitsgrupper



KJELDE: NAV

Ein kan ut frå dette generelt ikkje seie at åtte veker er eit kritisk punkt når det gjeld sjansen for å falle ut av arbeidsmarknaden, men sjansen aukar med lengre sjukefråværs-tilfeller. Lange sjukefråvær er gjerne forbunde med meir alvorlege sjukdomar og følgjeleg er sjansen for å ikkje klare å arbeide større. Prosentdelen som vert gjenfunne i arbeid er også noko lågare blant dei som er 100 prosent sjuktmedte enn blant dei som er gradert sjuktmedte (62,8 prosent mot 67,3). Dette viser også at det er dei med alvorlege sjukdommar som i størst grad fell ut av arbeidslivet.

## STATUS ETTER TRE ÅR

Tabell 1 viser kva status personar som har vore sjuktmedte i minst åtte veker har etter 6 månader, 1 år, 2 år og 3 år etter avslutta sjukepengeperiode.<sup>3</sup>


Tabell 1.  
Stønadsstatus 6 mnd, 1 år, 2 år og 3 år etter avslutta sjukepengeperiode

Stønad	6 mnd	1 år	2 år	3 år
Sjukepengar	9436	17439	20515	18770
Rehabiliterings- pengar	21440	15898	9043	7825
Yrkesretta attføring	9168	10778	12120	11347
Tidavgrensa uførepensjon	720	1192	3590	5863
Uførepensjon	13353	14920	17831	19735

KJELDE: NAV

<sup>3</sup> Statusane er ikkje gjensidig utelukkande. Dei kan også være i arbeid.

Figur 6.  
Prosentdel i jobb etter 6 mnd, 1 år, 2 år og 3 år etter avslutta sjukepengeperiode. Kombinasjon jobb og trygd er heldt utanfor



KJELDE: NAV

## KOMBINASJON ARBEID OG TRYGD

Korleis ein skal definere det å være i jobb, er ikkje alltid opplagt. Mange kombinerer jobb og ein stønad. Manglande eller sein utmelding frå AA-registeret kan også førekoma ved avslutta arbeidsforhold eller overgang til 100 prosent trygdeytting.

Figur 6 viser prosentdelen som framleis er i arbeid på ulike tidspunkt etter avslutta sjukepengeperiode, der kombinasjonar av arbeid og trygd er utelate samanlikna med prosentdelen der kombinasjonar er inkludert. Rundt 5 prosent av dei som har vore sjuktmedte i meir enn 8 veker finn me både att i AA-registeret og med ei trygdeytting.<sup>4</sup>

Tabell 2 viser status tre år seinare for personar som ikkje lenger er i jobb:

Tabell 2:  
Stønadsstatus 6 mnd, 1 år, 2 år og 3 år etter avslutta sjukepengeperiode for personar som ikkje er gjenfunne i AA-registeret.

Stønad	6 mnd	1 år	2 år	3 år
Sjukepengar	736	1149	1345	157
Rehabiliterings- pengar	6880	5931	4176	4211
Yrkesretta attføring	5468	6769	8052	8033
Tidavgrensa uførepensjon	176	345	1546	3104
Uførepensjon	593	577	917	2840

KJELDE: NAV

<sup>4</sup> Om lag 2 % er døde eller utvandra.

---

---

## OPPSUMMERING/DISKUSJON

Rundt 67 prosent av dei som har vore sjukmeldte i meir enn 8 veker er framleis i arbeid tre år etter avslutta sjukepengeperiode. Delen er noko høgare for kvinner enn for menn. Sjansen for å halde på arbeidsforholdet vert mindre dess lenger ein er sjukmeldt, sidan det då som regel dreier seg om meir alvorlege sjukdommar. I forhold til kva som ofte vert hevda om sannsynet for å falle ut av arbeidsmarknaden når ein er langtidssjukmeldt, er det ein langt større del som bevarar arbeidet. Årsakene til at denne analysen viser høgare del i arbeid etter langtidssjukefråvær kan være fleire. For det fyrste er denne analysen gjort på heile populasjonen som har påbegynt sjukepengar over eit år. Tidlegare studiar har vore gjort på utval. I studien frå Moss var utvalet relativt lite. Definisjonen av kva som er å være i arbeid kan også være ulik. Vidare er det grunn til å tru at situasjonen på arbeidsmarknaden har betydning for om den enkelte klarar å oppretthalde arbeidet. Studiane som viser at berre 50 prosent tek opp att arbeidet vart utført på slutten av 1980-talet og bytjinga av 1990-talet då situasjonen på arbeidsmarknaden var vanskelegare enn i perioden 2003-2006. Arbeidsgjevars og arbeidstakars innstilling og vilje til tilrettelegging kan også ha endra seg.

## REFERANSAR

Bjørndal, A. (1994). «Oppfølging av langtidssykemeldte. En undersøkelse av en kohort frå Moss kommune». Tidsskrift for den norske lægeförening ; 114: 2857-62

Nordberg. M og Røed. K (2002): «Utstøting av arbeidsmarkedet og tiltaksapparatets rolle» Rapport2/2002. Stiftelsen Frischsenteret for samfunnsøkonomiske analyser.

St.meld.nr. 39 (1991-92). Attføring or arbeid for yrkeshemmede. Sykepengar og uførepensjon (*Attføringsmeldinga*).